

Alt for klimaet?

Ein rapport frå to totalt forskjellige klima-hendingar – og nokre tankar etterpå

«Alle snakkar om været – men ingen gjør noko med det.» Denne klisjeen skriv seg visstnok heilt tilbake frå 1884, lenge før nokon starta å snakke om menneskeskapte klimaendringar. I dag snakkar alle om klimaendringane, og mange forsøker å gjøre noko med dei. Eller dei brukar behovet for å stoppe klimaendringane som påskot til å gjøre akkurat det dei ønsker og kan tene pengar på.

Nylig har eg vore på to svært forskjellige arrangement, der klimaendringane sto sentralt i begge. Der stoppar da også likheita, og nettopp derfor er det eg tenker å samanlikne dei, for å vise kor totalt motsett ein kan angripe det same problemet.

Eg skal ta dei i kronologisk rekkefølge.

29.-30.01.2024 var eg i Stockholm. Ramma om arrangementet var ærverdige Grand Hotel, det fremste luksushotellet i Sverige med røter tilbake til 1852 og eigd av Sveriges rikaste familie, Wallenberg. Kva det kostar å leige møtelokale her for to dagar tør eg nesten ikkje tenke på, men arrangørane veit å ta det tilbake med ei deltakaravgift som sikrar mot påmelding frå tilfeldige, ubemidla interesserte. Sjølv klarte eg etter litt mas og masse dokumentasjon å krangle til meg ein «media accreditation» som gjorde at eg slapp unna utan andre utgifter enn ein liten omveg på ei reise eg likevel skulle ta uansett.



Namnet på konferansen var *Future Mine & Minerals*. Kva har dette så med klimaendringane å gjøre? Jo, ganske mye. Gruvedrift, oppredning, smelteverk og anna vidarebehandling av metall og mineral er blant dei aller største bidragsytarane til klimaendringane. Og det på to måtar. Den eine er gjennom utslepp av klimagassar, i første rekke CO₂, frå alle ledd i produksjonen, frå leiting til forbruk. Den andre er øydelegging av natur gjennom beslaglegging til gruver, avgangsdeponi, vegar og fabrikkar.

Av alle desse skadeverknadane var det bare ein som opptok konferansen, moglegheiten for å erstatte kol og diesel med elektrisitet i utvinning og produksjon. Det som i størst grad interesserer

gruvebransjen og konferansane deira er korleis «det grønne skiftet» gir ein kraftig auka etterspurnad etter mineral som trengst til utbygging av «fornybar» energi og elektrifisering av transport.

A modern world needs metals and minerals

IEA (2021):

- A Net Zero world requires 6x more minerals by 2040
- "There is a looming mismatch between the world's strengthened climate ambitions and the availability of critical minerals"

The infographic is a circular diagram with 'THE GREEN REVOLUTION' at the center. It is divided into several colored segments, each representing a different sector and the minerals it requires. The segments include: 'Energy Storage' (red), 'Energy Strong' (orange), 'Energy Smart' (yellow), 'Energy Efficient' (green), 'Energy Clean' (light green), 'Energy Flexible' (blue), 'Energy Resilient' (dark blue), 'Energy Secure' (purple), 'Energy Sustainable' (pink), 'Energy Affordable' (light pink), 'Energy Accessible' (light blue), 'Energy Reliable' (medium blue), 'Energy Efficient' (dark blue), 'Energy Clean' (light green), 'Energy Flexible' (blue), 'Energy Resilient' (dark blue), 'Energy Secure' (purple), 'Energy Sustainable' (pink), 'Energy Affordable' (light pink), 'Energy Accessible' (light blue), 'Energy Reliable' (medium blue). Each segment contains icons of minerals and brief descriptions of their uses. The infographic also includes a quote from IEA (2021) and logos for VRIC, Cambridge House, and SveMin.

Her var ikkje mindre enn grøn revolusjon som skulle gjennomførast. Ikkje nok med det, det blei ikkje stilt spørsmål om vi treng ein grøn revolusjon eller kva denne skal gå ut på. Det var *THE Green Revolution* i bestemt form, som eit sjølvsgt fenomen, noko vi bare måtte forholde oss til. Og foredragshaldaren var ikkje frå verken eit revolusjonært eller grønt parti, det var ein offisiell representant for SveMin, organisasjonen av bedriftene i svensk mineralnæring, LKAB, Boliden osv. Dei er dagens revolusjonære, dei er dagens grønne, i lag med resten av den dresskledde forsamlinga på Grand Hotel. Når blei dei det?


Det starta for eit knapt tiår sidan, da «fornybar energi» gikk fra ei parole frå miljøørsla til eit satsingsområde for investorar. På den tida Zero i Noreg sto opp og omtalte det grønne skiftet som den største investeringsmulighet i vår tid. Nesten over natta blei oljemagnatar grønne og dei dresskledde blei revolusjonære.

No er den grønne revolusjonen så etablert at ingen i under det høge taket i ærverdige Grand Hotel rynka på augnebryna. Ingen ropa på politi for å slå ned revolusjonen. Han var deira eigen.


Det nye målet, som nesten ingen kan eller tør stille spørjeteikn ved er Net Zero, altså at utslepp og opptak av klimagassar skal oppveie kvarandre slik at den globale oppvarminga (forhåpentlig) skal stoppe opp. Net Zero har no blitt parola til World Economic Forum, samlinga av verdas aller rikaste og mektigaste, som flyr sine privatfly til Davos for sine årlige samlingar. Net Zero er eit program for fortsatt økonomisk vekst og fortsatt auka forbruk, utan sparing, utan utjamning og utan naturvern. Det er som skrive her eit program for 6 gongar meir mineral innan 2040, eit program som, dersom det i det heile lar seg gjennomføre, vil føre til ei enorm auking av gruvedrift, av naturinngrep og av produksjon av avgangsmateriale som må deponerast på land eller hav.

Sentralt på konferansen sto EU sin nylig vedtatte lov om kritiske mineral, CRMA. Denne skal sørge for at EU blir meir sjølvforsynte med dei kritiske og strategiske minerala enn dei er i dag, slik det går fram av denne illustrasjonen:


EU sin eigen produksjon er no svært liten, og ambisjonane er også ganske låge på kort sikt. Derfor må dei satse på å få faste avtalar med «venligsinna» land, dvs. land som står på deira side i kampen mot Russland og Kina og andre land som ønsker ei større grad av økonomisk sjølvstende frå dei dominerande maktene USA og EU.




Dette ser vi på det neste bildet, der vi ser kva land EU allereie har strategiske samarbeidsavtalar med og kva land det er i gang arbeid med slike avtalar. Noreg er altså på veg inn i dette, utan at det har ført til nokon stor debatt her heime. Eg prøvar å følgje litt med på kva som skjer i mineralsektoren her, men måtte til Sverige for å få høre dette.




Mens gruvekonferansar tidligere i stor grad har dreidd seg om tekniske og geologiske spørsmål, har dei no blitt meir og meir politiske, og denne konferansen trur eg sette rekord i så måte. Det gjaldt å få betre tilgang til areal, særlig i Sverige, det gjaldt å gjennomføre EU sin CRMA og det gjaldt minerala i den nye geopolitiske situasjonen, der allmenn globalisering er avløyst av fiendskap og krig, og «Vesten mot Resten». Det blei sagt veldig klart: Gruvedrift er geopolittikk. Representantar for Canada ønska Sverige velkommen til NATO og understreka at dette også hadde betydning for mineralpolitikken.




Analysa var heilt klar – Globaliseringa er død, no står vi i starten på ein ny kamp om ressursane , med stor fare for at denne krigen ikkje bare blir ein handelskrig, men også ein krig med våpen. Men det er ikkje det verste som kan skje for mineralnæringa, for jo meir våpen som blir produsert, og jo meir våpen som blir forbrukt – jo meir etterspurnad etter mineral og jo meir stig prisane og profitten.



Kva betyr så EU sitt strev for å få tak i kritiske mineral for oss i Norden? Det betyr at våre område er lovlig vilt. Kvant land blir analysert. Kva kan dei bidra med? Sveriges Geologiske Undersøkelse har laga denne lista over 23 kritiske mineral. Om Grønland, Island og Norge ikkje er med i EU spelar lita rolle, her forventast det at vi stiller opp. I Sverige og Grønland finn ein eit ressurspotensiale for alle dei etterspurte minerala, mens Noreg og Finland har det aller meste. Island har med sin spesielle lavageologi lite å bidra med, mens sandlandet Danmark ikkje er verdt å nemne.





Så var tida inne for å presentere nokre av dei konkrete planane som er på gang og i Sverige skjer det meste i nord. Det gjeld store utvidingar i Kiruna, med fosfor og sjeldne jordmetall i tillegg til jernmalm, med gjenoppstart av koppargruva Viscaria, det gjeld stor grafittgruve i Vittangi, også i Kiruna kommune, og ei rekke andre prosjekt.



Men no kjem det eit lite problem som må overvinnast. I så godt som alle prosjekta i nordlige del av Sverige kjem ein i kollisjon med reindrift og urfolksrettar. Her gjeld det å lære av andre land, der mineralnæringa i alle fall hevdar å ha løyst det problemet, Det gjeld å involvere urfolka og gjøre dei til aktive deltakarar i mineralutvinninga. Provinsen Saskatchewan i Canada hadde ein eigen utsending til konferansen, som kunne fortelle om dette:

Enhancing Indigenous Participation in Resource Projects

Saskatchewan Indigenous Investment Finance Corporation (SIIFC):

- \$5 million - \$75 million loan guarantees for Indigenous communities and organizations to purchase equity in natural resource and value-added agriculture projects.
- Facilitate Indigenous equity ownership in major projects to enable communities to benefit from the entire life cycle of a project.
- Assistance available to connect companies with eligible Indigenous partners.

saskatchewan.ca 11

Saskatchewan Canada

Andre meinte at utfordringa bare var å vere ein god nabo:

Tips for succeeding in Sweden

GOOD NEIGHBORS
say
Hello

1. Submit a good application
How? Be a good neighbor!
And - use local knowledge/consultants
2. Engage with the local community to ensure social acceptance
How? Be a good neighbor!
3. Expect a complex and long process
Keep being a good neighbor (good neighbors keep saying hello!)


BERGSSTATEN En modern besluts

Denne enkle løysinga kjem altså frå Bergsstaten, det svenske organet som tilsvarar Direktoratet for Mineralforvaltning her heime.

Noreg var ikkje veldig sterkt representert på konferansen. Eg registrerte ein føredragshaldar, frå det nye gigantprosjektet som siglar opp i Rogaland, i regi av Norge Mining.

Norge Mining: Securing Strategic Access to CRM in Europe

- Anglo-Norwegian company (2018) focused on critical raw materials in Norway
 - Norwegian Subsidiary - Norge Mineraler AS - Owns 61 exploration licenses
- **Deposits: 70 bn tons of ore of igneous origin**
- **CRMs: Phosphate rock, Vanadium, and Titanium**
 - EU CRM / SRM lists (2023)
 - Food security
 - Green and digital transition - Energy storage (Li-ion batteries, Flow batteries), semiconductors, PV panels...
 - High-tech applications - Aerospace, defense industry
- **Pre-feasibility study (Summer 2024) - Feasibility study (Fall 2025)**
- **Construction (Engineering) - 2026; Commissioning - 2028**



5 Deposits currently explored
61 Licenses
Oslo
Stavanger
Deposits

Oygrei
Storeknuten
Hoyland
Skeipstad

0 2 4 6 km

3

Norge Mining hevdar her å ha ressursar på 70 milliardar tonn, noko som er ganske enorme mengder, langt meir enn noko gruve som har vore i drift her i landet. Skal ein ta ut det, blir det sjølvsagt også eit enormt inngrep, men det snakkar vi førebels mindre om.

Så vidt eg kunne sjå, var eg den einaste som var på konferansen for å rapportere til media. Det var heller ikkje lagt opp til noko pressekonferanse, og ikkje høve til å stille spørsmål frå salen. Etter at EU sin visekommissær for mineralsaker hadde halde tale, ba eg henne om å få stille nokre spørsmål, men det fikk eg ikkje. Ho hadde forbod mot å gi intervju., Dei skal ha full kontroll, og tar ingen sjansar på at politikarar og andre representantar skal dumme seg ut med å ikkje kunne svare på pinlige spørsmål. Så derfor må eg nøye meg med å refererer og kommenterer noko av det som skjedde på scenen eller skjermen.

Over til Guovdageidnu

Etter to dagar på Grand Hotel var det godt å komme vidare. Neste dag var det fly Stockholm–Oslo–Alta. Heldigvis landa vi mellom stormbygene og etter bare 5 timars venting i Alta gikk bussen til Guovdageidnu. Neste morgon var det tidlig opp for å gå til Diehtosiida, som for den som ikkje veit det er eit stort bygg som bl.a. husar Samisk høgskole, Samisk arkiv, delar av Sametingets administrasjon og ei lokal avdeling av NIM – Norsk Institusjon for Menneskerettigheter. Det var den sistnemnde som no hadde invitert til presentasjon av sin siste rapport, med namnet «Canary in the Coal Mine – Sami Rights and Climate Change in Norway».

Utgangspunktet var verknadane av klimaendringane i Arktis, og her kan sjølv ikkje dei mest forstokka «klimafornektarane» nekte for at noko alvorlig er på gang:

Observerte effekter av klimaendringene i Arktis

Nesten 4x oppvarming enn globalt gjennomsnitt

Temperaturer i den kalde årstiden (oktober til mai)	+4,6 °C.
Nedbør	+25%.
Snødekke	-21%.
Sjøis	-43%.
Permafrosten	+2-3°C.
-> Potensielt vippepunkt	-> 2x karbon i atmosfæren

Kilde: Arctic Monitoring and Assessment Programme, Arctic Climate Change Update 2021, kapittel 2.

Verknadane merkar alle vi som bur i nord, og dei som merkar det mest er dei som lever av reindrift og fiske.

Observerte effekter av klimaendringene på samisk reindrift, fiske og helse


Reindrift	<ul style="list-style-type: none">• Høyere temperaturer• Økt plage fra parasitter/insekter• Ustabile isforhold• Regn på snø og låste vinterbeiter (beitekriser fra hvert 50-100 år til hvert 10)	<p>TAKLER KLIMAENDRINGER: Det er ingen ulempe for pukkellaksen at det er varmere i sjøen. Den har også tilpasset seg til å leve i stort sett alle elvene i Finnmark. FOTO: NILS JOHN PORSANGER / NRK Kilde: «Biolog om pukkellaksen: – Den er klimavinner», NRK, 12. oktober 2021</p>
Fiske	<ul style="list-style-type: none">• Høyere vanntemperaturer• Marine arter trekker nordover• Endret fiskebestand (mer pukkellaks, mindre kaldtvannsfisk)• Økt forekomst av lakselus	
Helse	<ul style="list-style-type: none">• Flere skader fra ekstreme værforhold• Psykiske helseutfordringer	

Framover må vi rekne med at dette vil bli kraftig forsterka. Samtidig som det kjem meir nedbør, kjem meir av denne som regn, og sesongen for snødekke blir kortare. Det vil bl.a. føre til at ein ikkje kan drive reinflytting på snøføre og over islagte elver og vatn, slik ein har gjort før.

Fremtidig klimarisiko for samisk reindrift, fiske og helse

Reindrift	<ul style="list-style-type: none">• Mindre snødekke• Flere regn-på-snø hendelser og flere dager der temperaturen veksler rundt 0°C	<p>Klimaendringene vil gi flere beitekriser</p> <p>Kilde: Samtale med bl.a. sametingråd Maja Kristine Jåma på NRK Helgemyr 12. mars 2022.</p>
Fiske	<ul style="list-style-type: none">• Risiko for utryddelse av flere saltvanns- og ferskvannsfiskearter i Arktis over 1,5°C (atlanterhavslaks, istorsk, røye m.v.)	
Helse	<ul style="list-style-type: none">• Usikkert, men økt risiko for ekstremværehendelser og mentale lidelser	

På kort sikt kan ein eit stykke på veg finne klimatilpaningar, som foring av rein, men på sikt vil det ikkje halde, og klimaendringane trugar derfor reindrifta som næring og som kultur.




The slide is titled "Tilpasning" (Adaptation) and is part of "Meld. St. 26 (2022–2023) Melding til Stortinget" from the Norwegian Ministry of Climate and Environment. It discusses the need for adaptation measures, particularly in the Arctic region, and mentions the need for more research on the limits of adaptation.

Meld. St. 26
(2022–2023)
Melding til Stortinget
Klima i endring
– sammen for et klimarobust samfunn

Tilpasning

- F.eks. tilleggsforing og tilgang til alternative beiteområder
 - Utfordringer
- FNs klimapanel 2022:
 - Arktis nærmer seg endringer som potensielt er irreversible for hundrevis av år, om ikke årtusner
 - Grenser for tilpasning nærmer seg for samisk reindrift i Arktis
- Behov for mer forskning på grenser for tilpasning

Kva har så dette med menneskerettar å gjøre?



The slide is titled "Urfolks rettigheter etter SP" (Indigenous rights after the SP) and discusses Article 27 of the International Covenant on Civil and Political Rights, which guarantees the rights of minorities to their culture. It lists three specific obligations: to refrain from measures that would have seriously negative consequences, to take positive measures to protect against environmental threats, and to ensure effective participation in decision-making processes.

Urfolks rettigheter etter SP


Artikkel 27 (minoriteters rett til kultur) og artikkel

1. Plikt til å *avstå* fra inngrep med vesentlige negative konsekvenser
2. Positiv plikt til å beskytte mot bl.a. visse miljøtrusler
3. Rett til effektiv deltagelse i relevante beslutningsprosesser

Photo: Noipornpan/IStock photo

FN sin konvensjon om sivile og politiske rettar seier at minoritetar har rett til å utheve sin kultur. Det var denne konvensjonen som låg til grunn da høgsterett dømte vindkraftutbygginga på Fosen ulovlig.

Men kan ein også seie at statane har ein plikt til å kutte klimautslepp for å unngå å fråta urfolk og miinoritetar kulturen deira. Det meiner NIM.



Kva rettar har da urfolk, i dette tilfellet samar, i forhold til klimaendringane?




Urfolk har rettar på tre nivå:

1. Rett til ikkje å få klimaet ødelagt (Vern mot skadelige utslepp)
2. Rett til hjelp med klimatilpasningar, slik at så mye som mogleg av kulturen kan vidareførast under nye klimaforhold
3. Rett til vern mot inngrep i eigne bruksområde, i ly av «klimatiltak»

Det siste er i dag det mest akutte, men planar for vindkraft, kraftleidningar og gruvedrift i reinbeiteland. Slike inngrep kan sjåast som menneskerettsbrot, og dermed behandlast av norske og internasjonale domstolar, slik det skjedde i Fosen-saka.

At menneskerettar ikkje blir brote er eit ansvar for statar og offentlig forvaltning på fylkes- og kommunenivå, men også eit ansvar for næringslivet, som står for både utslepp og inngrep.



Næringslivets ansvar for å beskytte samiske rettigheter

- Åpenhetsloven: Større virksomheter skal utføre aksomhetsvurderinger i tråd med *OECDs retningslinjer for flernasjonale selskaper*
 - Kartlegge, vurdere, stanse, forebygge o.l. faktiske og potensielle negative konsekvenser for *grunnleggende menneskerettigheter* virksomheten forårsaker eller bidrar til
- EU med nytt aksomhetsdirektiv
 - Selskaper må operere i tråd med 1.5°C-målet
 - Refererer SP og UNDRIP

OECD Due Diligence Guidance for Meaningful Stakeholder Engagement in the Extractive Sector

OECD

Norges institusjon for menneskerettigheter

I sin presentasjon nemnde ikkje forskarane frå NIM noko bestemt sak, men når vi tenker på gruver, er det nærliggande å sjå på Nussir-saka. Her trakk den planlagte kjøparen av kopparkonstratet seg, bl.a. på grunn av at prosjektet var i strid med bærekraft og urfolksrettar. Og etterpå har Nussir ASA sjølv bestilt ei utgreiing om prosjektet sitt forhold til menneskerettane.

Motsett perspektiv – men same løysing?

Det er langt mellom Grand Hotel i Stockholm og Diehtosiida i Guovdageaidnu, både i kilometer, klima og kultur. Det er langt mellom utgangspunkta gruveprofitt og menneskerettar.

På den eine konferansen var urfolksrettar eit hinder som måtte overvinnast, på den andre eit utgangspunkt som måtte sikrast i møte med klimaendringar og klimatiltak.

Likevel har begge miljøa eit felles utgangspunkt, som dei ikkje stiller spørjeteikn ved:

1. Klimaendringane er i stor grad menneskeskapte.
2. Dei skuldast hovudsaklig utslepp av CO₂ frå brenning av fossilt brennstoff som kol, olje og gass.
3. Løysinga er overgang frå fossilt brennstoff til fornybar energi.
4. Dette betyr ei kraftig auka utvinning av ei rekke mineral.

Punkt 3 blir i rapporten frå NIM uttrykt slik:

«Only a rapid global transition from fossil fuels to renewable energy can deliver the emission cuts needed to avoid climate disaster.»

Denne konklusjonen kunne mineralindustrien gladelig ha slutta seg til, da dagens mest aktuelle former for «fornybar» energi, som vindkraft og solkraft kombinert med batterilagring og elektrisk drift av transportmiddel uunngåelig vil kreve enorme mengder av mineraler. Rapporten fra NIM kommer i liten grad inn på dette, men nevner det såvidt: *«Renewable energy developments and the extraction of certain minerals are an important aspect of mitigation climate change and thus protectiong Indigenous Peoples from climate harm»*. I ei fotnote til denne setninga er det litt nærare forklart: *«These may include for example, wind and solar power projects or the mining of minerals used in the construction of wind turbines, solar panels and batteries, such as lition, cobalt, copper, graphite and nickel, see International Energy Agency, The role of critical minerals in clean energy transitions, 2021, executive summary. Other minerals may also be important in renewable energy technologies, such as iron ore which is used to make steel for wind turbines.»*

Konklusjonen min blir altså at sjølv om desse to miljøa har forskjellig utgangspunkt, blir hovudkonklusjonane deira for samfunnutviklinga den same. Dei skiljer seg bare i spørsmålet om i kva grad den utviklinga dei ser som uunngåelig skal ta omsyn til urfolksrettar.

Litt eigne tankar til slutt

Ingen av desse møta stilte dei grunnleggande spørsmåla:


1. Er øydelegginga av natur like viktig for klimaet som utslepp av klimagassar?
2. Er «fornybar» energi fornybar når den krev store naturinngrep og store utslepp til utvinning/transport/produksjon/montering av råvarer og kraftprodusentar/forbrukarar?
3. Er det mogleg å spare produksjon og utslepp gjennom energieffektivisering, gjennom å lage mer varige produkt og gjennom redusert forbruk av unødvendige ting?
4. Må vi starte med å kutte på toppen, av luksusforbruket og sløseriet til dei rikaste landa og til dei rikaste i alle land? Og korleis skal vi få til det?

La oss tenke oss tre forenkla scenarier:

1. Vi kan ved overgang frå fossil til «fornybar» energi kanskje redusere det samla utsleppet pr. energienhet til halvparten. Så doblar vi samtidig energiforbruket. Da er netto vinst lik null, men vi har samtidig øydelagt minst halvparten av gjenverande natur på kloden.
2. Vi går over frå fossil til «fornybar» energi, og stoppar samtidig auken i energiforbruket. Vi halverer utsleppa, men når framleis ikkje Net Zero, fordi utvinninga av minerala langt på veg oppveier utsleppsreduksjonane i energiproduksjonen. Naturøydeleggingane blir også her enorme.
3. Vi halverer energiforbruket, men med same energikjelder som i dag, bare at reduksjonen blir tatt vesentlig frå det fossile brennstoffet. Utsleppa blir meir enn halvert. Vi når kanskje ikkje Net Zero, men vi kan berge gjenverande natur og resultatet for klimaet blir i alle fall ikkje dårlegare enn for alternativ 2.

Eg sluttar av med ein illustrasjon over fordelinga av rikdom i verda. Den er ikkje laga av verken raude eller grønne revolusjonære, men av ein stor internasjonal bank!

Figure 1
The global wealth pyramid



Source: James Davies, Rodrigo Lluberas and Anthony Shorrocks, Credit Suisse Global Wealth Databook 2015

Det aller beste klimatiltaket vi kan gjøre er å kutte overforbruket til dei to øvste trinna i denne pyramiden. Men det var det ingen som foreslo på desse møta. Og mange vil seie det ikkje er mogleg. Da vil eg svare med eit motspørsmål:

Var det klimaet, naturen og jorda eller var det kapitalismen vi skulle berge?

Guovdageaidnu, 12.02.2024

Svein Lund